Legg merke til den svært gunstige prisen – kr 1.450,- for 3 dagers kurs inkl. kost og losji. Dagdeltakere – noe lavere pris jfr programmet!

VELKOMMEN til 3 fullspekka dager med masse nyttig program for deg som sitter i Eldreråd!

Du kan melde deg på via vår nettside, det er en «bestillings-knapp» nederst på programmet på nettsiden <https://www.nestorkurs.com/eldreradskurs> eller sende oss påmelding på mail til [post@nestorutvikling.no](mailto:post@nestorutvikling.no) – fint om du påfører fakturaadresse!

Ring oss på 33 33 55 00 hvis det er noe du lurer på!

HVIS DU ALLEREDE HAR MELDT PÅ DELTAKERE FRA DITT ELDRERÅD, SÅ VENNLIGST SE BORT I FRA DENNE PÅMINNELSEN 😊





**ELDRERÅD**

*Eldrerådets rolle og funksjon!*

Med vennlig hilsen

**Bente Simonsen**

Bente Simonsen

Kurskoordinator

[bente@nestorutvikling.no](mailto:bente@nestorutvikling.no)

Sentralbord: 33 33 55 00

<https://www.nestorkurs.com/>

<https://www.facebook.com/nestorutvikling/>

  
- et unikt kurssted!



nestor  
- et unikt kurssted!

# Eldrerådskurs

Melsomvik 15. - 17. april 2020



«ET ALDERSVENNLIG SAMFUNN»  
**MØT TRUDE DREVLAND**  
- leder av Rådet for et aldersvennlig Norge -

Foto: Vi over 60, Silje Katrine Robinson

## ELDRERÅD

» *Eldrerådets rolle og funksjon!*

### **BLI HØRT! Og ikke minst høst fruktene av erfaringsutveksling med andre!**

Hva driver eldreråd med? Hvordan fremme de viktige sakene? Hvordan bli hørt? Hva vil det si å lede et eldreråd og hvordan bli en god eldrerådsrepresentant? Hva slags saker må eldreråd i dag ta stilling til! Vi tar for oss eksempler på viktige saker som eldrerådene i dag må ta stilling til og jobbe med. I denne prosessen har vi med oss sentrale ressurspersoner og gode foredragsholdere. Kurset har stor praktisk nytteverdi!

**Faglig ansvarlig er Per-Eivind Johansen**, tidligere fylkesordfører i Vestfold fylkeskommune.

For mer info eller påmelding: [Klikk her](#)

eller ring Bente på tlf 33 33 55 00 • e-post: [post@nestorutvikling.no](mailto:post@nestorutvikling.no)

KURS  
OPPHOLD,  
FELLESSKAP OG  
GOD MAT TIL  
EN **GOD**  
**PRIS!**



Vestland  
fylkeskommune

# Invitasjon

## Vegen mot 2030: Bli med på å sette retning for Vestland

Fylkesordfører Jon Askeland og fylkesvaraordfører Natalia Golis vil ha deg med på å sette retninga for det nye fylket, og inviterer til dialogmøte.

Vestland er eit fylke for framtida, og no er vi endeleg i gang! Saman skal vi gjere Vestland til det beste fylket å bu, jobbe, studere og leve eit godt liv i. Korleis kan vi bruke ressursane, kompetansen og alle dei gode ideane som finst her på best mogleg vis?

Vi inviterer til dialog om dei framifrå løysingane for å skape eit framifrå fylke. Til vårt første møte i det flunkande nye Vestland inviterer vi ungdom, næringsaktørar, kommunar og tydelege stemmar frå heile regionen vår til dialog. Og vi vil ha deg med!

### Hovudtema i møtet blir:

- Kompetanse for framtida
- Næringsutvikling
- Visjonar for Vestland

Her sjåast vi: Amalie Skram vgs., Bergen

Her er dato og tidspunkt: fredag 24. januar kl. 11.00–15.30

Her melder du deg på: <https://sfj.pameldingssystem.no/vestland-fylkeskommune>

Detaljert program kjem i byrjinga av januar

Set av dagen – vi gler oss!

Jon Askeland  
Fylkesordfører Vestland

Natalia Golis  
Fylkesvaraordfører Vestland

**Fra:** Wangen, Anne Eli

**Sendt:** onsdag 11. desember 2019 kl. 16:27

**Til:** Astrid Toft; Frode Kyrkjebø; Leni Klakegg; Tone Elin Mekki; Marta Strandos; harald.ekroll@enivest.net; annette.eri.norevik@forde.kommune.no; Sunnevåg, Kari; Kristensen, Bodil Berg; Håland, Astrid; Wangen, Anne Eli; Erichsen, Ingunn Elise W.; Helland, Beate; Vaag, Åse; Arianson, Helga; Svari, Linda; Elin-Therese Sørbotten (Elin-Therese.Sorbotten@forde.kommune.no); Flotve, Ragna; Listhaug, Janne Weltzien; Astrid Ouahyb Sundsbø

**Emne:** Møte i koordineringsgruppa - regionalt støtteapparat Leve heile livet- reforma

God dag!

Vi sender med dette invitasjon til nytt møte i **koordineringsgruppa for Leve heile livet-reforma**. Vi er kjende med at det vert nokre endringar i deltakargruppa. Vi er ikkje trygge på at vi har fått alle nye deltakarar med på mottakarlista. Det er difor fint om de som får innkallinga sender invitasjonen vidare til dei som de kjenner til skal vere med på møtet.

Møtet vert 21. januar 2020 på Sogndal hotel i Sogndal. Denne datoen passa best for dei fleste av dykk.

Som de vil sjå av innvitasjonen, er det lagt opp til litt «heimearbeid» for alle før møtet.

God jul til alle og vel møtt den 21. januar.

Med venleg helsing

**Anne Eli Wangen**

seniorrådgjevar



**Fylkesmannen i Vestland**

Telefon: 57 64 31 65

E-post: [fmsfaew@fylkesmannen.no](mailto:fmsfaew@fylkesmannen.no)

Web: [www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)

Kl. 10.10 - 10.30	Frøknudon Kvinnemøte Kvinnas vilt så langt; informasjonserleid, Dialogrom, Leve heile livet- konferansar, samarbeid, arbeidsmøte m.m. Bunde rundt bordet
Kl. 10.30 - 11.45 inkludert liten pause	Oppdrag i 2020 - planlagde utakvalifiserar med Leve heile livet-reforma Farende innlegg (5-10 minutar); på USHT-ane, KS-senter for ungdomsforskning, fylkesrådsrådet, FM
Kl. 11.45 - 12.10	Vestlands fylkeskommunes arbeid med Leve heile livet-reforma Korles vi drag fylkeskommunen i kommunenes folkelivs- og planarbeid? w/Vestland fylkeskommune

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Ansvarlig

Telefon: 57 64 31 65

[fmsfaew@fylkesmannen.no](mailto:fmsfaew@fylkesmannen.no)

Org.nr. 574 740 000



Adresseliste

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anne Eli Wangen, 5764 3165

## Invitasjon til møte i koordineringsgruppa - regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma

Vi syner til referat frå møte i koordineringsgruppa 23. august 2019 og til e-post 30. oktober 2019.

Takk for godt samarbeid i arbeidet med Leve heile livet-reforma så langt. Første året med reformarbeid er gjennomført. No skal vi følgje opp kommunane og understøtte det vidare arbeidet deira med gjennomføringa av reforma. Vi inviterer difor til nytt møte i koordineringsgruppa (regionalt støtteapparat).

Vi ber om at de i forkant av møtet har fått avklart oppdrag og eigne tiltak knytt til Leve heile livet-reformarbeidet i dykkar organisasjon slik at de kan presentere førebudde innlegg om dette for koordineringsgruppa. Korleis kan de bidra inn i reformarbeidet i 2020?

Tid: **21. januar 2020 kl. 10.00 – 14.30**  
Stad: **Quality hotel Sogndal, Sogndal**

### Program

Kl. 10.00 - 10.10	Velkomen Presentasjon
Kl. 10.10 - 10.30	<b>Evaluering</b> Arbeidet vårt så langt; Informasjonsarbeid, Dialogmøte, Leve heile livet-konferansar, samarbeid, arbeidsmengd m.m Runde rundt bordet
Kl. 10.30 – 11.45 Inkludert liten pause	<b>Oppdrag i 2020</b> – planlagde tiltak/aktivitetar med Leve heile livet-reforma <b>Førebudde innlegg</b> (5-10 minuttar) frå USHT-ane, KS, senter for omsorgsforsking, fylkeseldrerådet, FM
Kl. 11.45 – 12.10	<b>Vestland fylkeskommunes arbeid med Leve heile livet reforma</b> Korleis bidreg fylkeskommunen i kommunanes folkehelse- og planarbeid? v/ Vestland fylkeskommune

E-postadresse:  
[fmvipost@fylkesmannen.no](mailto:fmvipost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vi](http://www.fylkesmannen.no/vi)  
Org.nr. 974 760 665





Kl. 12.10 – 12.30	<b>Spørsmål / Diskusjon</b> Korleis kan vi samarbeide med fylkeskommunen om Leve heile livet-reforma?
Kl. 12.30 – 13.15	<b>Lunsj</b>
Kl. 13.15 – 13.45	<b>Planlegging av felles tiltak/aktivitetar i 2020</b> Jfr. kommunanes tilbakemeldingar om behovet for hjelp og støtte i det vidare arbeidet. Spørsmål til diskusjon og avklaring: Korleis kan vi motivere og mobilisere kommunane til arbeid med reforma? Kva konkrete tiltak skal vi gje tilbod om? Korleis skal arbeidet organiserast? Kven skal ha hovudansvar for gjennomføring, korleis skal arbeidsfordelinga vere m.m.?
Kl. 13.45 – 14.15	<b>Gjennomføringsplan for Leve heile livet – Vestland</b> Behov for oppdatering/forbetring? Møteplan for regionalt støtteapparat 2020
Kl. 14.10 – 14.30	<b>Andre nyhende – runde rundt bordet</b> <b>Ymse</b>
Kl. 14.30	Avslutning og vegen vidare

Fylkesmannen vil dekke utgifter til dagpakke og møterom. De som har budsjett til arbeidet med Leve hele livet reforma må sjølve dekke utgifter til eventuell overnatting og reise. Dersom de har behov for overnatting 20. – 21. januar 2020 er det fint om de tingar overnatting sjølve.

Vi ber om tilbakemelding seinast innan **10. januar 2020** om kven som møter.

Vel møtt!

Med helsing

Linda Svari  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar

Anne Eli Wangen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Til eldrerådet i din kommune

12.12.2019

## Tilbud om foredrag/kurs våren 2020: Velferdsteknologiens muligheter!

Velferdsteknologi kan bidra til å bedre eldres livskvalitet og selvstendighet, forebygge ensomhet og øke nettverket og den sosiale kontakten. Det bidrar også til at eldre kan bo lenger hjemme.

Pensjonistforbundet arbeider for å spre informasjon om hvilke muligheter som finnes, og vil gjerne holde foredrag/ kurs for dere våren 2020. Målgruppen er hjemmeboende eldre, ansatte, politikere og pårørende.

Ta kontakt med prosjektleder Tone Bye på mail;  
[tone.bye@pensjonistforbundet.no](mailto:tone.bye@pensjonistforbundet.no) for nærmere avtale.

### Foredraget/ kurset er gratis, og vil ta opp følgende temaer:

- Hva er velferdsteknologi og hvorfor er velferdsteknologi et satsningsområde
- Hvordan kan velferdsteknologi bidra til å fremme mestring og aktivitet
- Hvordan kan velferdsteknologi forebygge ensomhet og redusere sykdomsutvikling
- Gode eksempler på ulike typer teknologiske løsninger
- Hvordan påvirker dette tjenestene i din kommune
- Hvor kan du henvende deg
- Ulike aktørers rolle og eget ansvar
- Teknologi og bolig - risikorydding
- Hvordan sette i gang dialog om dette i din kommune

*Foredraget er utviklet på bakgrunn av tilbakemeldinger fra brukere, ansatte, samarbeidspartnere og relevante kunnskapsaktører på feltet. Det er utviklet et eget veiledningshefte.*

Fylkeseldrerådet i Vestland har handsama budsjettframlegget for 2020. På grunn av kort tid til møte i fylkestinget har vi ikkje kunne teke dette i eit møte, men har måtte handsame det via e-mail. Rådet vil gje slik uttale:

#### **Den kulturelle spaserstokken.**

Vi registrerer at det er avsett 3,980 mill kroner til Den kulturelle Spaserstokken. Rådet er opptatt av at heile løyvinga vert gitt til kommunane på bakgrunn av søknader og at ikkje noko vert nytta til administrasjonsutgifter. Rådet ønskjer å delta i prosessen med å fordele midlane til kommunane.

#### **TT-ordninga for Vestland fylkeskommune.**

Vi registrerer at Finansutvalet har vedteke at ein skal ha ein gjennomgang av ordninga i 2020, men at den skal halde fram i 2020 og skal også kunne nyttast til arbeidsreiser. Det er også rådet sitt syn. Rådet vil gjerne delta i arbeidet med å gjennomgå ordninga i 2020 t.d. som medlem i arbeidsgruppe e.l.

#### **Serviseskyssen, sevicelinja i Bergen og «Hent meg» prøveprosjekt i Odda.**

Rådet meiner desse ordningane må oppretthaldast minst på dagens nivå. I utgangspunktet burde løyvinga aukast, slik at fleire kommunar i Vestland kunne få ta del.

Vi har registrert at Finansutvalet har vedteke at det skal utførast eit arbeid med å sjå på samordning av desse tilboda. Ordningane må halde fram som no i heile 2020. Rådet ønskjer å kunne bidra i ein gjennomgang som t.d. medlem i arbeidsgrupper e.l.

#### **Budsjett for Fylkeseldrerådet Vestland.**

I budsjettet for 2020 er det avsett kr. 515.000,- til drift av rådet i 2020. Dette verkar lavt sett i høve til reiseavstandar i Vestland fylkeskommune og dei oppgåver rådet har, t.d. i koordineringsgruppa for «Leve heile livet», i fylkesmannen sin regi. Vi viser også til tidlegare innsendte framlegg frå dei 2 tidlegare fylkeseldreråda i forkant av budsjetthandsaminga.

#### **Generelt.**

Rådet er også opptatt av folkehelsearbeidet, og at det må ha høg prioritet. Bygging av gang- og sykkelveggar er eit slikt tiltak som er nemnt i Folkehelsemeldinga og i Leve heile livet reforma

Vi er også opptatt av at universell utforming må vere ivaretatt i alle samanhengar.

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Nye skredsikringslister for riks- og fylkesvegar pr 17.12.2019

Statens vegvesen Region vest har oversendt nye skredsikringslister til fylkeskommunane. Dokumenta vart offentlege 17.12.2019.

Oppdraget med oppdatering av skredsikringsbehov er gitt frå Vegdirektoratet til regionane våren 2018. Oppdraget omfattar også ei oppdatering av kostnadstal for skredsikringstiltak som har skredfaktor 2,5 eller høgare (det vil seie høg og middels skredfaktor). Oppdateringa omfattar både riks- og fylkesvegar og er ein del av grunnlagsarbeidet til Nasjonal transportplan for perioden 2022-2033. Rapporten vil ikkje bli trykt, men ligg tilgjengeleg på nett:

<https://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Geofag/Skred/Skredsikring>

Fylkesrådmannen vil vurdere å leggja fram sak til fylkestinget om prioritering av dei ulike prosjekta i Vestland. Til og med 2019 har skredsikringsmidlane vore øyremerka midlar som fylkeskommunane har fått etter kvart som ein har bygd prosjekta. Frå 2020 er midlane ein del av rammetilskotet til fylkeskommunen.

For seksårsperioden 2018 til 2023 vart det gitt tilsegn om følgjande midlar rasikring (tabell under). Fylkesrådmannen legg til grunn at midlane kjem frå staten, og at ein har denne fordelinga som utgangspunkt for dei næraste åra.

Mill. 2018-kr

Fylke	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2018–2023
Østfold							0
Akershus			16	16			32
Oslo							0
Hedmark		6					6
Oppland	20	15	4	7	20	21	87
Buskerud		14	10	5			29
Vestfold	4						4
Telemark	6	19	34	35	29	15	138
Aust-Agder				4			4
Vest-Agder	21	20	20				61
Rogaland			25	25	26	26	102
Hordaland	125	73	72	180	185	199	834
Sogn og Fjordane	124	204	292	246	185	218	1 269
Møre og Romsdal	220	73	73	60	60	129	615
Trøndelag	82	71					153
Nordland	36	103	48	35	88	67	377
Troms	84	79	86	50	95	70	464
Finnmark	37	85	80	96	72	14	384
<b>Sum</b>	<b>759</b>	<b>762</b>	<b>760</b>	<b>759</b>	<b>760</b>	<b>759</b>	<b>4 559</b>

Vedlegg:

Rapport 2019

Brev skredsikringsbehov riks- og fylkesvegar i Region vest

Liste skredsikringsbehov fylkesveg Region vest

Liste skredsikringsbehov riksvegar Region vest

## **Politiske saker**

**PS 1/20 Fastsetting av møteplan for fylkeselderådet 2020**

---

Saknr: 2020/1928-8  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	1/20	28.01.2020

**Fastsetting av møteplan for fylkeselderådet 2020**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2020 for rådet sine møter slik den ligg føre.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan. I Vestland fylkeskommune har dei tre fylkeskommunale medverknadsorgana ein og same utvalssekretær. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2020 vert endeleg fastsett.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunelova krev heimel i lov for å oppretta folkevalde organ. Fylkeskommunen kan difor ikkje oppretta andre organ enn dei som framgår av lov.

Dei tre medverknadsorgana er forankra i kommunelova §5. Denne lova gir ikkje lenger adgang til å etablere verken faste underutval eller arbeidsutval.

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinera møteplan både med dei andre medverknadsorgana og utvala, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2020.

Når møteplanen for 2020 skal leggjast, er møtedatoane i fagutvala, fylkesutval og fylkesting eit viktig utgangspunkt. Dette og med tanke på at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen fagutval-fylkesutval-fylkesting, slik at ei eventuell tilråding/uttale skal vera klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjera endeleg vedtak.

Vedlagt fylgjer forslag til møteplan for året 2020 for fylkeseldrerådet i Vestland.

Forslaget er basert på møteplanane som er vedteke for fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovedutval for samferdsel og mobilitet, hovedutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovedutval for kultur, idrett og integrering, hovedutval for opplæring og kompetanse.

Møtedagane fell på tysdagar for fylkeseldrerådet.

Når det gjeld møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer dette i saksframlegget til PS 56/2019 i Fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreining av møta i fylkeseldrerådet at omlag 50% av møta er i Bergen, 25% er i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedd om å fastsetje dato for rådsmøter i 2020.



---

Saknr: 2020/1928-9  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	2/20	28.01.2020

## Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## Samandrag

Fylkeseldrerådet har høve til å invitera dei ulike avdelingane i fylkeskommunen inn i rådsmøta for å orientere om aktuelle tema som fell innanfor fylkeseldrerådet sitt arbeidsområde. Rådet vert no bedne om å ta stilling til kva tema dei ynskjer orienteringar om vidare i 2020.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 25.11.19, under PS 6/19, vart det vedteke å invitera bl.a. samferdselsavdelinga/Skyss til første rådsmøte i 2020 for å orientera om serviceskyss og aldersvennleg transport.

I tillegg ynsker rådet informasjon om budsjettarbeidet - med særleg fokus på dei 100 millionane som skal sparast inn. Rådet ber også om informasjon om eige budsjett.

Rådet skal i sitt møte 28. januar fastsetje sin eigen møteplan. Det vil då vera viktig at ein også tek stilling til kvar møtestaden skal vera. Når ein då inviterer dei ulike avdelingane inn i rådsmøta, må tema samsvara med kvar tenestestaden for dei ulike oppgåvene i organisasjonen er lokalisert.

Forslag til møtestader og tema vil bli lagt fram i møte.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert beden om å fastsetje møtestad for sine rådsmøter i 2020.

Rådet må også ta stilling til kva tema dei ynskjer orientering om i komande møter utover i året 2020.

---

Saknr: 2020/1928-10  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	3/20	28.01.2020

**Fylkeseldrerådet - deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting.

**Samandrag**

KS er kommunesektoren sin organisasjon og utviklingspartner. KS har fått i oppdrag å koordinera eit nasjonalt nettverk om aldersvennlege lokalsamfunn. Dette nettverket har også samarbeid med Nettverket for Universell utforming.

Hordaland fylkeskommune har ikkje delteke i nettverket, men frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har tre representantar delteke - eldrerådet sin leiar, rådgjevar/sekretær for eldrerådet og ein representant frå planstaben i fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet i Vestland ser det som særskilt viktig at deltaking i KS sine nettverk for eit aldersvennleg samfunn og universell utforming vert vidareført i Vestland fylkeskommune.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Aldersvennlege lokalsamfunn handlar om å gjera samfunnet i stand til å møta utfordringane og moglegheitene knytta til ein aldrande folkesetnad. Fleire sektorar må involverast og medverknad må vera i fokus. For at eldre skal kunne vera aktive, delta i samfunnet, bidra og unngå einsemd og isolasjon, må vi ha ei meir heilskapleg og tverrsektoriell tilnærming.

Det handlar om at vi skal kunne bu heime lengst mogleg, kunne opphalda oss i nærmiljøet, ha aktivitetar vi har lyst til å delta på - og at det er mogleg å koma seg dit.

KS som er kommunesektoren sin organisasjon og utviklingspartner, har fått i oppdrag å koordinera eit nasjonalt nettverk om aldersvennlege lokalsamfunn.

Det har vore arrangert fire samlingar rundt om i landet hausten 2019, og det vil vidare bli arrangert fagsamlingar våren 2020 på desse 5 innsatsområda:

- Universell utforming/utandørsområder og fysisk aktivitet
- Bustad
- Transport
- Samfunnsdeltaking
- Medverknad og kommunikasjon

To av fagsamlinga vert organisert i samband med fellessamlingen i Oslo 4. mars. Der er tema, «Samfunnsdeltagelse» og «Kommunikasjon og medvirkning».

På denne samlingen vil ein gi ei oppsummering av det ein har lært og fått innspel om så langt, samt skissera kva verktøy ein no er iferd med å utvikla. KS har invitert [aldersvennlige Irland på besøk](#). Irland er det første landet i verden som har vorte anerkjent som eit aldersvennleg land. Det er viktig at ein kan lære og få inspirasjon om korleis dei har vorte eit aldersvennleg land.

Fleire kommunar vil bidra. Det er viktig å auka forståing og dela kunnskap rundt korleis ein arbeider med aldersvennleg utvikling inn i planar, strategiar og prosessar.

I samarbeid med Nettverket for Universell utforming vil KS organisera fagsamling og synfaring i Stavanger 31.mars. Her vil ein ha fokus på universell utforming, utandørsområder og kommuneplanar. Det vil også bli arrangert fagsamlingar for bustad og transport.

Hordaland fylkeskommune har ikkje delteke i dette nettverket. Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande delteke:

- Harald Ekroll, leiar i fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane
- Åge Avedal, sekretær i fylkesråd for eldre / rådgjevar næring- og kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ragnhild Berge Feidje frå planstaben i fylkeskommunen

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet i Vestland ser det som særskilt viktig at deltaking i KS sine nettverk for eit aldersvennleg samfunn og universell utforming vert vidareført i Vestland fylkeskommune. Ved å involvera fleire sektorar og eldre i endå større utstrekning, kan ein få betre oversikt over både utfordringar og moglegheiter ein står overfor om vi skal kunne utvikla meir aldersvennlege samfunn. Plan, klima og folkehelse må vera ein viktig samarbeidspartnar for fylkeseldrerådet i det vidare arbeidet. Fylkeseldreråda har saman med fylkesmennene også fått tildelt ein viktig rolle gjennom samarbeidsavtalen med regjeringa om «Leve hele livet».

---

Saknr: 2020/1928-11  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	4/20	28.01.2020

Søknad om forskottering - gang- og sykkelveg Fv 60 Loen -Solvik/Rake

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksnr: 2019/183-1  
Saksbehandlar: Lars Erik Lunde

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		15.01.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

**Søknad om forskottering - gang- og sykkelveg Fv 60 Loen - Solvik/Rake****Forslag til innstilling**

1. Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei prinsippsak i høve forskotteringar på fylkesveg.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Stryn kommune om å sjå nærare på ulike modellar for finansiering av tiltaket.

**Samandrag**

Stryn kommune har i brev av 08.11.2019 (vedlegg 1) søkt om å få forskottere gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake. Saka har tidlegare vore behandla i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte 2.10.2019. Søknaden vart ikkje imøtekomen då forskotteringa ikkje stetta fylkestinget i Sogn og Fjordane sine retningslinjer for forskottering.

Fylkestinget i Vestland har ikkje teke stilling til korleis søknader om forskottering skal behandlast. Prosjektet ligg ikkje inne i investeringsprogrammet for fylkesveg 2020-2023.

Fylkesrådmannen finn ut frå dette ikkje grunnlag for å kunne gi ei tilråding om å støtte søknaden. Eit alternativ kan vere å gå i dialog med Stryn kommune om å sjå nærare på ulike modellar for finansiering av tiltaket.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Lefdal  
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.*

**Saksutgreiing**

## Bakgrunn for saka

Stryn kommune søkte i brev av 27.08.2019 (vedlegg 2) til Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få forskottere gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake i kommunen. Prosjektet som kommunen ønskjer å forskottere er om lag 1 km lang, og har eit kostnadsoverslag på 25,6 mill. kr ekskl. mva. og inkl. grunninnløyising. Kostnadsoverslaget inkl. mva. er 32 mill. kr.

Bakgrunnen for at Stryn kommune ønskjer å forskottere prosjektet er i følgje søknaden:

*«ei erkjenning av at trafikken på denne strekninga er sterkt aukande, og det er vanskeleg – eller tilnærma uforsvarleg – å ferdast langs fv. 60 på denne strekninga til fots og/eller på sykkel. Bebuarane på Rake/Solvik er knytt til Loen sentrum i alle servicesamanhengar – både gjennom handel, skulegong, fritidsaktivitetar etc. I tillegg har opninga av Loen Skylift ført til at trafikken av gåande og syklande har auka mykje på strekninga.*

*Området Rake/Solvik er eit av kommunen sine prioriterte område for etablering av attraktive og sentrumsnære bustadområde. I dette området er det ferdig regulert rundt 80 bu-einingar, men naudsynt infrastruktur som ny tilkomstveg og gang- og sykkelveg til Loen manglar. Etablert busetnad, planlagt ny busetnad, etablering av Loen Skylift og tilrettelegging av eit omfattande stinett mellom Hoven – Rake – Stryn sentrum, inneber at området Loen – Solvik – Rake har fått, og vil få, ein vesentleg høgare aktivitet. Ein gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik vil ha ut-løysande effekt for ei betydeleg verdsskaping i dette området. I tillegg vil den gje ei trafiksikker samankopling mellom turistanlegga og bustadområda i Loen, og rekreasjonsområda med utgangspunkt på Oppheim. Dette området har fått mykje betre tilgjenge som følgje av den nye skogsvegen/anleggsvegen frå Holme til Hoven, og på grunn av tilrettelegging av nye stiar og opprusting av eksisterande stiar i fjellområda mellom Stryn sentrum og Loen.»*

Det vart lagt fram sak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (FU-sak 85/2019) i møte 2.10.2019.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

*«Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.*

*Fylkesutvalet har stor forståing for at Stryn ønskjer å ha ein garanti gjennom forskottering av gang- og sykkelveg mellom Loen og Rake. Vi ser også at Stryn har lagt ned stor innsats i grunnlagsdokument i blant anna reguleringsplan.*

*Prosjektet er no på 2. plass på marginallista, og etter gjeldande regelverk er prosjektet med det ikkje i posisjon til å kunne oppnå forskottering.*

*Fylkesutvalet oppmodar Stryn kommune til å jobbe vidare med saka opp mot Vestland fylke sin neste rullering av RTP. Dersom Stryn kommune sjølv ynskjer å bygge ut gang og sykkelvegen, så kan det eventuelt skje gjennom ein utbyggingsavtale med fylkeskommunen.»*

Stryn kommune har i brev datert 8.11.2019 fremma søknaden om forskottering på nytt, og syner til at formannskapet i Stryn kommune gjorde slikt vedtak:

FO- 157/19 Vedtak:

*«Det vert sendt ny søknad om forskottering av gang/sykkelveg Loen-Solvik. Ein vil presisere at Stryn kommune kan vente med tilbakebetaling til dei prosjekta som ligg framføre i prioriteringslista er finansierte.*



*Stryn kommune ber Vestland fylkeskommune om å handsame søknaden der ein tek omsyn til dei nye opplysingane som går fram av Stryn formannskap sitt vedtak(157/19).»*

### **Vedtakskompetanse**

Det ligg til fylkestinget å forplikte fylkeskommunen økonomisk for framtidige budsjettår.

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Godkjenning av forskotteringa vil forplikte fylkeskommunen til ei framtidig utbetaling.

Godkjenning av forskotteringa kan også føre til at fylkeskommunen vil få fleire liknande søknader framover.

**Klima:** Utbygging av gang- og sykkelveg kan bidra positivt for redusert bilbruk medan sjølvte utbygging vil bidra til klimagassutslepp. Samla effekt er uvis.

**Folkehelse:** Utbygging av gang- og sykkelveg vil ha positiv verknad for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Godkjenning av ein forskotteringssøknad før det føreligg ei prinsipiell vurdering av korleis slike søknader skal behandlast i Vestland fylkeskommune vil legge føringar på behandlinga av slike søknader framover.

### **Økonomi- og budsjettkonsekvensar**

Forut for denne saksutgreiinga har Statens vegvesen (SVV) gjort ei kvalitetssikring av kostnadsoverslaget på 25,6 mill. kr. SVV meiner ut frå erfaringstal og vurderingar at dei samla kostnadane i prosjektet vil vere noko større enn anslaget i søknaden (om lag 32,7 mill. kr ekskl. mva.). Dette er tal med stor uvisse.

Fylkestinget i Vestland har ikkje teke stilling til korleis søknader om forskottering skal behandlast.

Forskottering må også vurderast opp mot tilskot og anna ekstern finansiering. Prosjektet ligg ikkje inne i investeringsprogrammet for fylkesveg 2020-2023. Vestland fylkeskommune har såleis ikkje teke stilling til korleis dette prosjektet skal prioriterast i høve til andre gang- og sykkelvegprosjekt. Dette må vurderast i samband med ny regional transportplan for Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen finn ut frå dette ikkje grunnlag for å kunne gi ei tilråding om å støtte søknaden. Eit alternativ kan vere å gå i dialog med Stryn kommune om å sjå nærare på ulike modellar for finansiering av tiltaket.

Dersom søknaden vert støtta vil dette ha konsekvensar for moglegheita til å finansiere prosjekt med høgare prioritert. Desse vil såleis blir skyvd framover i tid. Ei forskottering vil også binde opp fylkeskommunale midlar for framtida og såleis redusere handlingsrommet framover.

Eit ev. positivt vedtak frå fylkeskommunen si side, må følgjast opp ved at det vert underteikna ein forskotteringsavtale mellom fylkeskommunen og Stryn kommune. I denne må alle forhold knytt til ansvar, økonomi og risiko vere avklart, slik som:

- kven skal ha ansvaret for gjennomføringa av prosjektet
- forskotteringsbeløpet (ekskl. mva.) og tidspunkt for refusjon av forskotteringa
- kven skal ha ansvar for ev. overskridingar, jf. at kostnadsanslaget kan vere for lågt.
- dersom fylkeskommunen skal overta vegen (fylkesveg), må det stillast krav om at vegen skal byggast etter gjeldande handbøker/normalar, ev. fråvik må godkjennast av fylkeskommunen, og alle forhold knytt til kontraktar/grunnerverv må vere avslutta før vegen kan omklassifiserast til fylkesveg.
- Endeleg må det avklarast kven som skal ha fullmakt til å inngå forskotteringsavtalen med kommunen.

### **Prinsipp for forskottering i Vestland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen meiner at forskotteringsregimet er eit lite eigna verktøy til å prioritera og finansiera prosjekt på fylkesvegnettet. Det er arbeidet med Regional transportplan saman med den årlege budsjettprosessen som er best eigna til å foreta prioriteringar på eit mest mogeleg heilskapleg grunnlag. Når det er sagt, har forskotteringar også medført tidlegare realisering av viktige fylkesvegprosjekt, og

realisering av prosjekt som kanskje ikkje ville vorte realisert, men som likevel er gode og gunstige tiltak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til å kome tilbake til fylkestinget med ei prinsippsak om forskottering for Vestland fylkeskommune.

### **Konklusjon**

Fylkestinget i Vestland har ikkje teke stilling til korleis søknader om forskottering skal behandlast. Fylkesrådmannen finn ut frå dette ikkje grunnlag for å kunne gi ei tilråding om å støtte søknaden. Eit alternativ kan vere å gå i dialog med Stryn kommune om å sjå nærare på ulike modellar for finansiering av tiltaket.

Fylkesrådmannen legg opp til å kome tilbake til fylkestinget med ei prinsippsak om forskottering for Vestland fylkeskommune.

---

Saknr: 2020/1928-12  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	5/20	28.01.2020

Byvekstavtale bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksnr: 2019/178-1  
Saksbehandlar: Torill Klinker, Hans-Christian Engum

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		15.01.2020
Fylkesutvalet		30.01.2020
Fylkestinget		10.02.2020

**Byvekstavtale for bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming****Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek sluttforhandla byvekstavtale for Bergensområdet for perioden 2019-2029.
2. Fylkestinget meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil bidra til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i regionen. Fylkestinget sluttar seg til avtalen som eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet.
3. Fylkestinget viser til dei gode resultatane ein ser i Bergensområdet med omsyn til betra luftkvalitet, reduserte bilandelar og svært gode kollektivtal. Fylkestinget uttrykkjer difor ei forventning om at høgare statlege rammer vert lagt på bordet ved reforhandling av avtalen, i 2021. Fylkestinget uttrykkjer også ei forventning om at finansiering av bybanens byggetrinn 5 til Åsane vert sikra i neste NTP (2022-2033).
4. Fylkestinget ser det som positivt at byvekstavtalen gir ein felles arena for vidare samarbeid om felles areal- og transportløyningar i Bergensområdet. Det er ein stor styrke at avtalen bidreg med forpliktingar frå både stat og kommunar til ein felles arealpolitikk gitt i regional plan.

**Samandrag**

Forhandlingsutvalet signerte onsdag 4. desember 2019 ferdigforhandla byvekstavtale for perioden 2019-2029. Avtalepartar er Samferdsledepartementet (SD), Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden. Det geografiske området til dei fem kommunane utgjer også avtaleområdet. Avtalen er ikkje gjeldande før alle lokale avtalepartar har fatta politiske vedtak, og avtalen har vore handsama av regjeringa.

Avtalen forpliktar partane i avtaleområdet til å nå målet om nullvekst i personbiltransporten. Staten på si side har forplikta seg til å bidra med 13,3 milliardar (2020-kr) gjennom heile avtaleperioden. Utanom finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen sikrar avtalen 722 mill. årleg til programområdetiltak og belønningssmidlar, ei auke på kring 250 mill. årleg i høve til det som ligg i gjeldande byvekstavtale. Saman med eit fylkeskommunalt bidrag på 270 mill. kr årleg har avtalen ei totalramme på 15 802 mrd. 2020-kr.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør for  
mobilitet og kollektivtransport

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

Vedlegg:

1. Anbefalt byvekstavtale for Bergensområdet for perioden 2019-2029.
2. *Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik – Bergensområdet.* Brev frå SD datert 14.11.2019.
3. *Tidsintervall for vurdering av måloppnåing i byvekstavtalane.* Brev frå SD datert 11.12.2019.
4. *Byvekstavtale for Bergensområdet – utbetaling av belønningsmidlar for 2019.* Brev frå SD datert 13.12.2019.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Våren 2018 inviterte Samferdsledepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet partane Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Lindås, Askøy, Fjell og Os til forhandling om ny byvekstavtale.

Gjennom byvekstavtalar inngår stat, fylkeskommunar og kommunar eit forpliktande samarbeid om å finansiere eit meir miljøvenleg transporttilbod i storbyområda. Kommunar og fylkeskommunar som inngår byvekstavtale med staten skal leggja til rette for ein arealbruk som mellom anna byggjer opp under staten sine investeringar i kollektivtransport, sykling og gange. Det er eit tydeleg mål at den framtidige veksten i transportarbeid skal takast med dei miljøvenlege transportformene, og ikkje med personbil.

Byvekstavtalane vert utarbeida etter forhandlingar der finansiering av transport- og miljøtiltak, og særleg tilrettelegging for kollektivtrafikk, sykkel og gange, er viktige tema. Avtalane består av ei rekkje tiltak og verkemidlar som bompengefinansierte bypakkar, midlar til veg og jernbane, arealtiltak, belønningssmidlar og ordninga med statleg delfinansiering av store kollektivprosjekt ("50/50-ordninga"). Partane i byvekstavtalane forpliktar seg til å bidra med finansiering og tiltak innanfor sine ansvarsområde. Kommunar og fylkeskommunar forpliktar seg samstundes til å bidra til ein arealbruk i byområda som aukar kollektivbruken og gjer det enklare å vera sykklist og fotgjengar.

Intensjonen bak ein slik avtale er i følge staten: «transportløsningar som sikrer innbyggerne bedre mobilitet, og at veksten i persontransport tas med kollektivtransport, sykkel og gange (nullvekstmålet). Samordnet areal- og transportplanlegging vil være et viktig virkemiddel i avtalene.»

I sak 56/2019 vart utkast til framforhandla avtaletekst for byvekstavtale for Bergensområdet lagt fram for fylkestinget i Hordaland. I møte den 12.06.2019 slutta fylkestinget seg til avtaleteksten gjennom fylgjande vedtak:

- 1 Fylkestinget viser til framforhandla avtaletekst for perioden 2019-2029. Avtalen er eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet. Fylkestinget meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil bidra til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i regionen.*
- 2 Politisk styringsgruppe har avgjort at sluttforhandlingane av byvekstavtalen skal skje etter lokalvalet 2019. Dette inneber at det er Vestland fylkeskommune som formelt skal inngå avtalen. Endeleg godkjenning og tilslutning til avtalen må dermed skje i Vestland Fylkesting i 2019.*
- 3 Fylkestinget viser til dei gode resultatane ein ser i Bergensområdet med omsyn til reduserte bilandelar og svært gode kollektivtal. Fylkestinget uttrykkjer difor ei forventning om at høgare statlege rammer vert lagt på bordet ved reforhandling av avtalen, i 2021. Fylkestinget uttrykkjer og ei forventning om at finansiering av bybanens byggetrinn 5 til Åsane vert sikra i neste NTP (2022-2033).*
- 4 Fylkestinget peikar på viktigeita av at strekninga E 39 Klauvaneset – Vågsbotn vert realisert snarast mogleg. Fylkestinget uttrykkjer ei forventning om at dette riksvegprosjektet vert finansiert med statlege midlar gjennom neste NTP (2022-2033).*

Det er gjort nokre mindre endringar i avtaleteksten i høve til det utkastet som vart lagt fram for fylkestinget i juni 2019. Endringane er eit resultat både av regjeringa sitt bompengeforlik og ynskjer fra avtalepartene.

Avtalen er no sluttforhandla, og vert i denne saka lagt fram for politisk slutthandsaming.

### Prosess

Nasjonal transportplan 2018-2029 definerer ein modell for organisering av byvekstavtalane både i forhandlings- og oppfølgingsfasen. Dette inneber ei politisk styringsgruppe og ei administrativ forhandlingsgruppe. Det politiske styringsgruppa vert leia av statssekretær ved Samferdselsdepartementet

med deltaking frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, fylkesordførar, byråd for byutvikling og ordførarar. Denne gruppa skal bli involvert ved særlege behov.

Den administrative forhandlingsgruppa vert leia av vegdirektøren med deltaking frå jernbanedirektøren og fylkesmannen. NTP slår også fast at fylkeskommunen og kommunane skal vere representert ved administrativ leiing. Etter ønskje frå lokale partar har fylkesordførar, byråd og ordførarar vore ein del av det administrative forhandlingsutvalet i Bergensområdet.

Det har vore gjennomført ei rekkje forhandlingsmøter det siste året, særleg har statleg finansiering, arealpolitikk og praktisering av nullvekstmålet vore krevjande forhandlingspunkt.

Den 24.5.2019 vart det gjennomført eit møte i det administrative forhandlingsutvalet med sikte på å godkjenne den framforhandla byvekstavtalen. I møtet vart det klart at det var ulike forventningar til vidare prosess blant partane. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune ønska å legge fram avtalen til handsaming i fylkesting og bystyre i løpet av sommaren, mens andre partar hadde ønske om at det var dei nye kommunestyra etter valet som skulle ta stilling til endeleg avtale.

På bakgrunn av usemje om vidare prosess vart den politiske styringsgruppa involvert i eit møte den 29.5.2019. Her la politisk leiing i departementa fram ei liste i ni punkt som rammer for vidare prosess:

- 1. Regjeringen ønsker å ha med flest mulig av partene og helst alle med i en ny byvekstavtale for Bergensområdet. Alle kommunene som deltar i forhandlingene, er invitert med av en grunn. Deltakelse for de nye kommunene er frivillig.*
- 2. Lindås kommune har uttrykt ønske om lokalpolitisk behandling av avtaleutkastet etter lokalvalget. Dette har bl.a. bakgrunn i kommunesammenslåingene. Vi ønsker derfor ikke å tvinge gjennom en avtale før valget.*
- 3. Basert på dette lukker ikke regjeringen forhandlingene nå.*
- 4. Regjeringen legger til grunn at det foreligger et forhandlingsresultat som er lokalpolitisk behandlet innen utgangen av 2019.*
- 5. Med en slik framdrift skal ingen tape økonomisk iht. fremforhandlet avtale.*
- 6. Hvis denne fremdriften ikke holdes og avtaleinngåelse trekker betydelig ut i tid, kan vi ikke utelukke at staten må vurdere betydningen dette har for statens tilbud. Dette må vurderes nærmere hvis det blir en reell problemstilling.*
- 7. Staten står ved tilbudet sitt slik det ligger nå.*
- 8. Avtaleutkastet som blir gjenstand for lokalpolitisk behandling av partene må være omforent.*
- 9. Hvis en eller flere av partene velger å trekke seg, må de økonomiske rammene for avtalen vurderes på nytt. Vi vil legge til grunn at gjenværende parter ikke skal tape økonomisk på at noen går ut. Det er selvsagt ikke slik at parter som trekker seg ut får beholde pengene de var tiltenkt gjennom avtalen.*

Staten var tydeleg på kravet om lokalpolitisk handsaming i løpet av 2019. Difor valgte Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune å vedta avtaleutkastet i juni 2019, som eit grunnlag for å fatta endeleg vedtak etter lokalvalet hausten 2019.

### **Bompengeforliket**

Den 23. august 2019 la regjeringa fram bompengeforliket, som inneheldt ulike føringar både for bompengepakkar og byvekstavtaler. Det var lenge uvisst kva konsekvensar bompengeforliket konkret ville ha for Bergensområdet, men gjennom brev datert Samferdsledepartementet den 14.11.19 vart fylgjande stadfesta:

